



Namn  
Adresse

Oslo, dato

## Invitasjon til tarmscreening

### Invitation to colorectal screening

For information in English and other languages: [tarmscreening.no/brev](https://tarmscreening.no/brev)



For ei stund sidan sende vi deg informasjon om Tarmscreeningprogrammet, og fordeler og ulemper ved å delta. Du kan lesa om fordeler og ulemper ved tarmscreening ved å skanne QR-koden eller på [tarmscreening.no](https://tarmscreening.no).

Tarmkreft er ein av dei vanlegaste kreftsjukdommane i Noreg. Screening kan oppdaga tarmkreft på eit tidleg stadium før den gir deg nokon plager. Det auker moglegheita for å overleve sjukdommen.

Tarmscreeningprogrammet er eit offentleg helsetilbod, og det er frivillig å delta. Dersom du ønsker å delta sender du inn ei avføringsprøve.

Saman med dette brevet finn du:

- bruksrettleiing
- prøverøyr
- oppsamlingspapir
- plastpose med absorberande papir
- returkonvolutt

Med vennleg helsing

Tarmscreeningprogrammet



### Korleis deltek du?

- Du deltek ved å sende inn ei avføringsprøve som vert testa for blod på laboratoriet.
- Les bruksrettleiinga nøye og kontroller at namnet ditt og fødselsdato står på prøverøret.
- Dersom vi ikkje har fått ei prøve innan 6 veker, sender vi deg ei påminning.
- Om du ikkje sender inn prøva vil du få tilsendt nytt prøvesett om 2 år. Du vil få invitasjon annakvart år inntil 5 gonger. Etter fylte 65 år vil du ikkje få fleire invitasjonar.



### Kva skjer etter at prøva er sendt inn?

- Du vil få skriftleg svar på prøva innan 4 veker uansett resultat.
- Dersom prøva ikkje viser blod over grenseverdi sender vi deg ein ny invitasjon om 2 år.
- Dersom prøva viser at du har blod i avføringen vil du få tilbod om ein koloskopiundersøking på sjukehuset.



### Kva kostar dette?

- Sjølv avføringsprøva kostar deg ikkje noko.
- Dersom du får tilbod om koloskopiundersøking på grunn av prøvesvaret, gjeld ordningane med eigendel, frikort og pasientreiser.



### Kven bør ikkje delta?

- Dersom du er i eit kontrollopplegg med koloskopi til dømes for kreft, polyppar eller inflammatorisk tarmsjukdom, treng du ikkje delta i Tarmscreeningprogrammet.
- Har du alvorlege kroniske sykdommer, kan ulempene ved å delta vera større enn nytten. Er du usikker på om dette gjeld deg, bør du snakke med legen din.



### Informasjonen som vert samla inn

Kreftregisteret registrerer opplysningar om personar som deltek i Tarmscreeningprogrammet, i samsvar med Kreftregisterforskrifta. Opplysningane blir mellom anna brukte til planlegging og utsending av invitasjonar, og til kvalitetssikring, evaluering og forskning.

Du kan reservera deg mot at dine personopplysningar knytta til undersøkingar i Tarmscreeningprogrammet vert registrerte permanent i Kreftregisteret ved negativt funn. Med personopplysningar meiner vi namn, fødselsnummer, adresse, bustadskommune, sivilstand og fødekommune eller fødeland. Informasjon om rettane dine, og korleis du kan reservera deg, finn du på [tarmscreening.no](https://tarmscreening.no).

#### Vil du ikkje delta?

Du bestemmer sjølv om du vil delta i screeningprogrammet eller ikkje.



Du kan når som helst stoppa invitasjonane frå Tarmscreeningprogrammet. Les meir på [tarmscreening.no/stopp](https://tarmscreening.no/stopp)

#### Har du spørsmål?

På [tarmscreening.no](https://tarmscreening.no) finner du meir informasjon om screening og tarmkreft. Du kan òg ringa Kreftregisteret på Tlf 22 45 13 00 (09:30–11:30)

